



Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Absolutt Form - Rolf Hermansen
Bredsgården 2
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4990 - 20/34378

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:
09.06.2020

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 188/135 Gjervik Ytre

Tiltak: utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse
Byggjestad: Gbnr: 188/135 Strandvegen
Tiltakshavar: Frode Nygaard Knutsen
Ansvarleg søkjar: Absolutt Form - Rolf Hermansen

Delegertsak nr.: 584/20

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for Strandvegen 67 med avklaring av siktzone over gbnr 188/367, Strandvegen 65.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrsløse frå kommunal i samband med søknad om etablering av ny bueining (byggesak 20/1627).

Dagens avkøyrsløse er etablert inn på den kommunale vegen sin snuhammar og har ikkje god nok sikt langs den kommunale vegen. Vegavdelinga i tidlegare Lindås kommune sette krav om siktforhold mot den kommunale vegen og høve til å snu på eiga tomt for å kunne gi avkøyringsløyve.

Siktkravet vart hindra av mur med tett plankegjerde på eigedom med gbnr 188/367.

Vurdering/drøfting:

Kommunen var på synfaring med eigar og sette krav om at mur kunne bestå dersom det vart sett opp «gjennomiktig» gjerde oppå muren, type flettverksgjerde, for å betre sikt.

Eigar av gbnr 188/367 har lagt ved signert avtale som gir eigar av gbnr 188/135 løyve til å setje opp nytt gjerde i siktsona langs muren. Kommunen vil setje krav om at eigar av gbnr 188/367 ikkje har høve til å plante hekk eller setje opp andre hinder i siktsona innanfor dette gjerdet.

Siktsonene er teikna inn på situasjonsplan og viser at ved flettverksgjerde vil kunne oppnå fri sikt 20m oppover den kommunale vegen.

Gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld avkøyringsløyve. Det er byggesak som gir løyve om etablering av parkeringsplass og snuareal for eigedomen.

Avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp-forvaltning meiner at arealet slik det er teikna inn på situasjonsplan i journalpost 20/33152 gir høve til å snu på eiga tomt. Arealet bør målsetjast ved søknad til byggesak, på lik linje med at siktlinjene er teikna inn.

Når det gjeld tinglysning og fråseiing av vegrett over gbnr 188/367, må dette ordnast privat. I denne tinglysninga bør det komme fram at gbnr 188/367 fråseier seg retten til å plante eller setje opp hindringar i siktsona til gbnr 188/135.

Samandrag/konklusjon:

Der kan bli gitt løyve til avkøyring for gbnr 188/135 på vilkår sett i vedtaket.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til bruk av dagens avkøyrsløp til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Kommunen set krav om fjerning av plankegjerde langs gbnr 188/367 og gir løyve til etablering av nytt flettverksgjerde på topp av eksisterande mur i siktsona for at avkøyrsla skal kunne nyttast av køyretøy. Det må ikkje plantast eller setjast opp andre hinder på naboeigedomen innanfor denne siktsona.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Absolutt Form - Rolf
Hermansen

Bredsgården 2 5003

BERGEN

Frode Nygaard Knutsen

Strandvegen 67 5914

ISDALSTØ